

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 17/22. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusell

Saksopplysning/vurdering:

Skyttarlaga Aurland og Stålring skal arrangera jaktkarusell med 6 skytingar frå byrjinga av mai og utover. Det vert søkt fjellstyret om eit fellingsløyve for rein, som tidlegare år. Fellingsløyvet skal trekkjast mellom dei som har delteke i minst 3 av 6 skytingar. Det vert og søkt om at fjellstyret stiller med mannskap til å hjelpa til med gjennomføringa. Søknaden frå skyttarlaga ligg ved.

Fjellstyret har i mange å gjeve eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen. Grunngevinga har vore at denne skytinga gjev verdfull trening for dei som går på jakt i Aurland, noko som kan vera med på å betra skyteferdigheitene og på den måten kanskje redusera faren for skadeskyting av dyr under storviltjakta. I 2021 vart det gjeve eit fellingsløyve for kalv, grunnjeve med den store nedgangen i fellingskvote. I år kan ein rekna med noko større fellingskvote – framlegget for Nordfjella er 100 løyve, mot tildelt kvote på 60 i fjor. For fjellstyret vil det gje ein auke frå 9 i fjor til omlag 14 løyve i år. Av dette vert halvparten fellingsløyve for bukk, 25 % simle/ungdyr og 25 % kalv (dersom villreinutvalet sitt kvoteforslag vert godkjent av villreinnemnda).

Eg reknar med at fjellstyret si grunngeving for å gje eit fellingsløyve for kalv i fjor vil vera gjeldande i år òg, sidan fellingskvoten framleis er særst liten. Eg vil difor føreslå at fjellstyret dette året òg held av eit fellingsløyve for kalv. Når det gjeld spørsmålet om å stilla med mannskap til hjelp for å gjennomføra sjølve karusellen, har eg nokre merknader. Arbeidskraftkostnaden vil fort overstiga verdien av fellingsløyvet som fjellstyret tradisjonelt har gjeve. Gjennomsnittleg timekostnad for fjelloppsynet er i 2022 budsjettert til kr 466. For kveldsarbeid, som dette vil verta, må det leggjast til eit overtidstillegg på omlag kr 180, som er ein reell meirkostnad som fjellstyret må betala ut, ut frå tal timar utført arbeid kveld og/eller -helg. Tilskipingar av denne typen har alltid vore basert på friviljug innsats frå arrangørlaga si side, og det bør det vel framleis vera.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for kalv til jaktkarusellen som skyttarlaga Stålring og Aurland gjennomfører våren 2022. Oppmodinga i søknaden om å stilla med mannskap til å hjelpa til med gjennomføringa lyt fjellstyret diverre avslå.

Fjellstyrekontoret, den 19.4.22

Harald Skjerdal